

Strilen, onsdag 11. mai 1977

Skalden frå Sæheim

Ver med i Bøneringen

Me har kome til nest siste diktet i serien «Skalden frå Sæheim». Diktet me har valt, er ei påminning til kristenfolket om ansvar for nesten. Her merkar me Johs. M. L. Rydland sin sterke fedrelandskjærleik, og forkynnar si vakne omsut.

«Ver med i bøneringen» ber tankar i seg som kan vera vel verd å koma i hug når me om ikkje lenge skal høgtida fridomsdagen.

Ver med i bøneringen om folk og fedreland.

Vår vardeeld som jonsokbål må brenna
frå grensefjell i auster til øy ved stormpløgd strand,
at folket vårt si gjestingstid må kjenna.

Og venda om til Herren «med» det er enno dag,
so Frelsaren vert konge i heim, i lyd og lag,
og nådens sol kan over landet renna.

Her er strid på livet om Noregs folkesjel.

Kven skal i denne striden siger vinna?

Kvar skal vel folket hamna, i Himel eller Hel?

Skal dei i Helvits gru kvarandre finna?

Me som hev funne frelsa ved Jesu Kristi kross,
vil sleppa desse spørsmål med ålvor inn på oss,
og om vårt ansvar mildt kvarandre minna.

Kom med i denne fylking. So legg me hand i hand,

og ringar inne Noregs folk og rike,

i heilag kristen omsorg og Gud-kveikt kjærleiksbrand.

Frå denne bøneher må ingen vike.

Ver med kvar kristen kvinna og kvar ein bønemann,

so ber me Noregs naudsbøn i samla flokk til Han,

som aldri vil sin gjevne livnad svike.

Johs. M. L. Rydland.